



# Høyanger kommune

## Ordføraren

[postmottak@oed.dep.no](mailto:postmottak@oed.dep.no);

### **Høyring av Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) med behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring, for Bergen og omland**

Høyanger kommune stiller seg positiv til at det er fokus på å utvikle straumnettet på Vestlandet. Dette vil sikre vidare utvikling av næringsliv i regionen basert på bærekraftige og grøne innsatsfaktorar. Dette vil bidra til å auke konkurransefortrinn og arbeidsplassar for den samla Vestlandsregionen. Gjennom ei ny 420 kV linje mellom Sogndal og Bergen vil ein redusere risiko for flaskehalsar i nettet i regionen. Samtidig vil ein auka kapasitet for å utnytte framtidige planlagde utanlandskablar frå Vestlandet på ein samfunnsøkonomisk tilfredsstillande måte.

#### **Regional beredskap:**

Gjeldande konsept legg opp til at det kun skal vere ein trafo på 420 kV i Refsdal (Vik kommune). I dag har Vik kommune forsyning frå 300 kV trafo Hove, samt at Sognekraft har ei regional linje på 66 kV mellom Sogndal og Hove (Vik). Den regionale linja på 66 kV, inkl. fjordspennet på 5 km som vart sett i drift i 1957, er meldt til NVE som planlagt riven ved framtidig utbygging av Feios kraftverk.

Situasjonen er difor at Vik kommune, som i dag, er å betrakte som eit øysamfunn ved større naturhendingar, ettersom begge utfartsårer (Vikafjellet og ferje) då vert stengt. Det er difor viktig at ein sikrar stabil straumforsyning i dette området.

Det må etablerast to transformatorar på spenningsnivå 420/132 KV i Refsdal. Dette for å sikre at ikkje heile lokalsamfunnet vil miste straumen om ein trafo i Refsdal skulle få eit havari eller brann. Vidare vil ein ved å nedgradere eksisterande 300 kV mellom Sogndal og Vik til ny 132 kV, etablere ei auka regional forsyning og beredskap utan å auke kostnader. Regionen kan då sikre betre regional forsyning, der ein vil kunne tilpasse nettet til å distribuere straumen til allmennforbruk direkte frå kraftverk i regionen, uavhengig av sentralnettet.

#### **Miljø:**

Det er viktig at ny 420 kV linjetrasè vert etablert i parallell til eksisterande 300 kV trasè, for å sikre at nye område ikkje kjem i inngrep med nyetablering. Ved nedgradering av 300 kV til 132 kV mellom Sogndal og Vik, der ein samstundes kondemnerer Sognekraft si 66 kV linje mellom Njøs (Sogndal kommune) og Hove i Vik, som har same funksjon, vil ein samle alle fjordspenn i området. Ein vil difor reelt redusere miljøbelastninga med å behalde eksisterande 300 kV.

#### **Lokal medverknad:**

Det er ein føresetnad for positiv innstilling til ei nyetablering at kommunane som lokale forvaltar har eit tett samarbeid med Statnett og konsesjonsmyndigheiter for å sikre at utbygginga i minst mogleg grad unødvendig belastar lokal busetnad og lokale verdjar.

Med vennleg helsing



Petter Sortland  
ordfører